

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 22.05.2024

Vår ref.: 202224776-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Saksbehandlar: Bård Ottesen,
baso@nve.no

Høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland

NVE har motteke ein søknad frå Bøen Kraft AS, datert 21.12.2022, om løyve til bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/8977/V, og den blir kunngjort av NVE i avisene Strandbuen og Stavanger Aftenblad. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Bøen Kraft på tlf. 90 59 58 21 eller e-post: egil@kambokraft.no.

Kva søknaden gjeld

Bøen Kraft AS søkjer etter vassressurslova § 8 om løyve til å bygge Bøen III kraftverk og regulere Kaldavatnet mellom LRV kote 526,7 og HRV kote 528,7. Det vert og søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Bøen III kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Bøen Kraft AS har i dag to godkjende kraftverk i Bøenråna. Det vert no søkt om å regulere Kaldavatnet, og bygge Bøen III kraftverk oppstraums inntaket til Bøen II, som skal utnytte vassføringa frå Kaldavatnet og Bøenråna. Oppdemming og regulering av Kaldavatnet vil gje betre utnytting av vatnet i form av auka produksjon i dei to eksisterande kraftverka, Bøen I og Bøen II. I tillegg vil bygging av nye Bøen III kraftverk generere ny produksjon av elektrisk kraft.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på www.nve.no/8977/V
- via e-post til uttalelse@nve.no, merk e-post med «Høyringsuttale 202224776» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **03.07.2024**.



Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunnlegjende synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunnlegjende.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

**Mottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE
Naturvernforbundet i Rogaland
LNETT AS
Mattilsynet
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Hjelmeland turlag
Hjelmeland Jakt og Fiskelag
Norsk Friluftsliv
Hjelmeland Fjellstyre

Kopimottakarliste:

BØEN KRAFT AS
TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Lars Midttun
EKK - Seksjon for kraftsituasjon og ressurser - Mette Eltvik Henriksen
BØEN KRAFT AS - EGIL KAMBO